



Frivillighetsregisternemnda

Vedtak i Frivilligregisternemnda 3. oktober 2024

Sak 2024/986 - Bygdahytta på Stamnes - org.nr. 933 292 894 - klage over vedtak om å nekte registrering i Frivilligregisteret

Frivilligregisternemnda sine medlemmer: Leder Martin Hennig, og medlemmene Shabneet K. Bains, Elisabet Ekberg, Bernard Enjolras og Stian Slotterøy Johnsen

Bakgrunnen til saka

- (1) Bygdahytta på Stamnes melde 20. mars 2024 inn registrering i Frivilligregisteret med deltaking i grasrotandelen.
- (2) Frivilligregisteret fatta vedtak 15. april 2024 om å nekte registrering i Frivilligregisteret, med den grunngjevinga at klagar har høve til å føreta utdelingar til fysiske personar.
- (3) Bygdahytta på Stamnes klaga på vedtaket 29. april 2024. Klagar gjer gjeldande at foreininga ikkje gir utdelingar til private personar. Foreininga leiger hytta av grunneigar, og har dermed ingen egen eigendom som vil komme privatpersonar til gode ved oppløysing. Eigendelar av verdi som høyrer til foreininga, som båt, turutstyr og inneståande kapital, vil gå til andre frivillige organisasjonar i Stamnes dersom foreininga leggst ned. Det vises elles til klagen i sin heilskap.
- (4) Frivilligregisteret har ikkje funne grunn til å gjera om vedtaket og sende klagen med innstilling 18. juni 2024 til Frivillighetsregisternemnda for behandling.

Det rettslege grunnlaget

- (5) Det rettslege grunnlaget er lov 29. juni 2007 nr. 88 om register for frivillig verksemd (frivilligregisterlova).
- (6) Det følger av frivilligregisterlova § 3 første ledd at registrering i Frivilligregisteret er ein rett som ordnast til registreringseiningar som driv frivillig verksemd, jf. frivilligregisterlova § 4.
- (7) Etter frivilligregisterlova § 4 første ledd bokstav a er ein ikkje-økonomisk (ideell) foreining ein registreringseining.
- (8) Ein eining som har høve til å føreta utdelingar til ein fysisk person, eller som føretek slike utdelingar, kan ikkje få stilling som registreringseining jf. frivilligregisterlova § 4 andre ledd.

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon: +47 55 19 30 00 post@knse.no

- (9) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøva både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Vurderinga til Frivillighetsregisternemnda

- (10) Klagen til Bygdahytta på Stamnes gjeld vedtaket til Frivilligregisteret av 15. april 2024 om å nekte registrering i Frivilligregisteret.
- (11) Bygdahytta på Stamnes er registrert i Enhetsregisteret som ei foreining. For at ei foreining skal ha registreringsrett i Frivilligregisteret må den vera ei «ikke-økonomisk (ideell) foreining» jf. frivilligregisterlova § 4 første ledd bokstav a. Foreininga må heller ikkje ha «adgang til å foreta utdelinger til en fysisk person» jf. § 4 andre ledd.
- (12) Vilkåret «enhet som foretar eller kan foreta utdelinger til fysisk person» sikter først og fremst aksjeselskap og stiftingar som søker om å bli registreringseining, ikkje ideelle foreiningar, sjå Ot.prp.nr. 55 (2006-2007) s. 57.
- (13) Ikkje-økonomiske foreiningar slik dei er definert i frivilligregisterlova kan ikkje føreta utdelingar eller ha moglegheit til å føreta utdelingar. Dette er fordi eit grunnleggjande trekk ved foreiningar er at dei er sjølveigde, sjå NOU 2006:15 s. 32:

«Det er endelig et karaktertrekk ved foreninger at de ikke har eiere – foreningen er selveiende. Dette har foreningene til felles med stiftelsene, jf. pkt. 3.6.4.3. Dette innebærer at det i foreninger ikke er adgang til å tilbakeføre overskudd eller kapitalandel til noen – verken medlemmene eller andre. Dette gjelder både under den løpende drift (forbud mot utdeling av avkastning), ved utmelding og oppløsning. Dette er det sentrale kriterium for å skille mellom foreninger og selskaper. I selskaper, som har eiere, er det typisk en adgang til å tilbakeføre avkastning og overskudd til disse.»

- (14) Det ligg altså i omgrepet «ikke-økonomisk foreining» i frivilligregisterlova § 4 første ledd bokstav a at foreiningar ikkje kan gjere utdelingar.
- (15) Det følger av § 2 i vedtektene til klagar at formålet til foreininga er å leige ut Bygdahytta til ein rimeleg pris, slik at alle som vil kan bruke hytta og komme seg ut i naturen.
- (16) Vedtektene til klagar punkt 8 og 9 handlar om eigarskap og oppløysing:

«8. Eigarskap.

Bygdehytta med tomt er eigd av grunneigar av bruk på gardsnr 28, bruk nr. 1 i Vaksdal Kommune. Den er satt opp i 2004 med 20 års leieavtale med organisasjonen «BYGDAHYTTO». Når avtalen går ut kan den fornyast med samme vilkår år for år. Grunneigar kan sei opp leieavtalen med 3 mnd oppsigelsestid.

9. Oppløysing av organisasjonen

Dersom organisasjonen vert oppløyst vert bygdehytta levert tilbake til grunneigarar og leieavtalen sagt opp. Eventuelt pengar, lausøyre og andre oppsparte midlar skal fordelast til andre ideelle organisasjoner i Stamnes bygd.»

- (17) Bygdahytta med tomt er eigd av ein grunneigar i området, og klagar har ein leigeavtale med grunneigar. Bygdahytta inngår ikkje i midla til foreininga, og nettoformuen til klagar består berre av lausøyre og eventuelle oppsparte middel. Etter vedtektene punkt 9 skal lausøyre og oppsparte middel gå til ideelle organisasjonar i Stamnes, og det er derfor ikkje mogleg for medlemmane i foreininga å disponere over midla til foreininga ved oppløysing. Dette tilseier at foreininga ikkje kan foreta utdelingar til privatpersonar.
- (18) Frivilligregisteret vektlegg i vedtaket at grunneigar, ved oppseiing av leigeavtalen, vil få tilbake ei vedlikehaldt hytte. Leigeavtalen mellom klagar og grunneigar stiller som vilkår for leigeforholdet at foreininga skal finansiere og utføre enkelte tiltak på hytta, som «*brannsikringiltak*» og sette inn “*manglande sprosse på vindauget*» og sette “*på metall på vannbord*» og vidare. Det er varierende grad av innsats, finansiering og arbeidstimar som inngår i dei ulike vilkåra leigeavtalen fastsett. Foreininga betaler ikkje ein leigesum til grunneigar, og nemnda forstår det slik at vedlikehaldsarbeidet er betaling for at grunneigar stiller hytta til rådighet for foreininga. Det er ei yting og motyting i leigeforholdet, og vedlikehaldsarbeidet kan ikkje stillast likt med at foreininga føretek ei utdeling til ein privatperson.
- (19) Frivilligregisternemnda har komme til at foreininga er sjølveigande og oppfyller vilkåra i frivilligregisterlova § 4.

Konklusjon

- (20) Frivilligregisternemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at Bygdahytta på Stamnes oppfyller vilkåra for registrering i Frivilligregisteret.

Vedtak

Klagen blir tatt til følge.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur